

Elskar du meg?



Les Joh 21, 1-19

Peter får spørsmålet om han elsker Jesus, og på det svarer han ja fleire gonger. Men kva slags kjærleik er det Peter har? Kvifor elsker han Jesus?

Jesus har nettopp gjort det slik at Peter har fått ein kjempestor fiskefangst. All den fiskematen er ein gedigen gave. Fiskarane kan sikkert halde liv i seg sjølv og familiane sine lenge med denne fangsten. Er det på grunn av gavene som Jesus beriker livet med, at Peter elsker han? Det finnes kristne i dag som elsker Gud fyrst og fremst på grunn av gåvene som dei har fått av Gud. Kanskje har dei fått ei godt synleg nådegåve som gjev dei status i menigheten, og elsker Gud fordi andre ser opp til dei. Kanskje har dei fått ei god musikalitet eller omsorg for andre som dei kan tjene Gud med. Så elsker dei Gud fordi han har gjort dei til betre mennesker enn dei andre i menigheten. Då er dei akkurat som farisearen i tempelet som elska Gud fordi Gud hadde skapt han til eit slikt flott menneske som var betre, eller hadde meir peiling enn andre. (Luk 18-14) Slike folk er ikkje rettferdige for Gud. Peter ser ikkje på seg sjølv som ein flott kristen. Han har erfart at når hans eiga tru og mot vart stilt på prøve, då svikta han.

Elskar Peter Jesus fordi han elsker dei andre disiplane? Av og til høyrer me at å elske sin neste og å elske Gud er to sider av samme sak. Dette er ikkje heilt rett, for då kunne ein seia at viss ein elsker dei andre (eller i allefall nokon) i disippelflokken, så elsker ein Gud. Men det går fint an å elske andre utan å elske Gud. Berre tenk på alle som ikkje er kristne og som elsker ektefellen eller borna sine. Me kristne har ikkje monopol på kjærleik. Det er ikkje fordi Peter elsker dei andre disiplane at han elsker Jesus. Jesus spør jo Peter: «elskar du meg meir en desse?» Peter elsker dei andre disiplane, men han elsker Jesus høgare. Då må det vera ein annan grunn til at Peter elsker Jesus.

Kva kan denne grunnen vera? Natt til langfredag banna Peter på at han ikkje kjente Jesus (Luk 22,54-62). Han som hadde lova å gje livet sitt for Jesus luska etter og vågde ikkje innrømme at han kjente Jesus ein gong. Litt av ein etterfylgjar! Men Jesus tilgir han. Jesus tilgir at det var ingen av læresveinane som hjelpte han når han trengte dei som mest (Luk 22, 44-46). Når Peter og dei andre ser kor trulause dei har vore, og deretter ser kor stor Jesu nåde er, då kan dei ikkje anna enn å elska Jesus. Peter trudde nok at Jesus ikkje ville ha noko meir med han å gjera, men Jesus tilgir og viser tillit til Peter. Like mange gonger som Peter hadde forneakta Jesus, like mange gonger bekrefter Jesus at han vil ha Peter til å passe på sine lam. Det er difor Peter elsker Jesus: Han har erfart at der synda er stor er nåden større.



1. Kvifor elsker Peter Jesus?
2. Kvifor er opplevinga Peter hadde med å svikta Jesus ein stor styrke for han?
3. Korleis kan ein begynne å elske Jesus hvis ein ikkje gjer det frå før?
4. Korleis kan kjærleik til posisjonar og sjølvrealisering komme i veggen for kjærleik til Gud?

<i>Takk at du tok mine byrder, eit høgfjell av skuld og av skam</i>	<i>Takk at du bar mine byrder, betalte mi skyhøge skuld.</i>	<i>So vil ved korset eg standa, med undring er ser: Eg er fri!</i>
<i>Du bar dei på skuldrene dine, du skuldlause sonoffer lam.</i>	<i>Med blod frå ditt fullkomne hjarta</i>	<i>Eg skal ikkje døy, eg skal leva. Med Jesus til æveleg tid.</i>
	<i>Og ikkje med sylv eller gull.</i>	